

Nytt dagmerke på Reve



MÅLET NÅDD: Det nye dagmerket på Reve er identisk med det som vart rive for 10 år sidan. Frå venstre Thore Refve, Bernt Øvregaard, Aud Lise Rosland og Olav Obrestad.

For ti år sidan vart dagmerket på Reve teke ned. No skal eit nytt merke på plass, takka vere innsats frå engasjerte personar og lag.

Av Jærbladet

18.08.2004 kl 02:00

Det nye dagmerket ligg ferdig montert og måla hos SL Mekaniske på Hodne. No står det att å få det 16,5 meter høge og godt tre tonn tunge tårnet på plass. Tårnet skal på plass i dei gamle, men nyrestaurerte fundamenta som vart bygde då det første ståltårnet vart reist i 1911.

Mest ti år har det teke for å få reist dagmerket etter at Kystverket fjerna det gamle av sikringsgrunnar i 1994.

Løftebrot

- Då det vart rive, lova Kystverket å setje opp dagmerket på nytt, men dei gjekk frå lovnaden sin, fortel Thore Refve, ei av eldsjelene bak gjenreisninga av dagmerket.

- Ei stund heldt vi på å gi opp. Men både fylkesmannen og Klepp kommune har stått på for å få oppatt merket.

Fylkesmannen har hevda at Kystverket hadde plikt å reise merket etter at dei ulovleg hadde fjerna eit kystkulturminne frå vernesona langs Jærstrendene.

Kystverket har vist til knappe budsjettmidlar og sagt at gjenreisning av dagmerket ikkje var aktuelt. I så fall måtte private interesser og andre instansar kome inn for å finansiere dagmerket.

Støtte

Og det er nettopp det som no har skjedd. Etter kvart har både Klepp Historielag og Jæren Kystlag engasjert seg, og ikkje minst har grunneigar John J. Reve sin interesse og gode samarbeid ført til at merket no igjen skal reisast ved Jærens rev.

- Men vi var på nippet til å gi opp då vi ikkje fekk støtte frå Kystverket, seier Bernt Øvregaard i historielaget. - Gjennom gode kontaktar fekk vi likevel vite om statlege støtteordningar, såkalla STILK-midlar. Vi søkte via grunneigar om støtte og fekk tilsagn på 183.000 kroner som er 70 prosent av kostnadsoverslaget på 262.000 kroner.

I tillegg har Klepp kommune løyvt 15.000 kroner og Rogaland fylkeskommune 20.000 kroner. Resten skal initiativtakarane klare å dekke inn ved dugnad og gjennom støtte frå ulike firma.

- Vi har og ein søknad inne på 15.000 kroner frå Kystverket, men enno har vi ikkje høyrte eitt ord frå dei, seier Øvregaard. - Likevel såg vi at vi kunne setje i gang med bygginga av dagmerket. Men før det måtte vi ha fylkesmannen sitt løyve til å setje opp dagmerket i vernesona. Det løyvet er på plass.

Også bruksverdi

No ser eldsjelene fram til å få dagmerket opp. Thore Refve fortel at mange har etterlyst dagmerket og spurt kva tid det kan reisas på nytt.

- Dagmerket har ikkje berre historisk verdi, men og ein bruksverdi i dag. Sjøtrafikken langs Jærens rev har i dag heilt nye og andre seglingsmerke. Men mange fritidsfiskarar kjenner seg tryggare med merket i sikte, og det vert brukt som méd. Dagmerket har og i alle år blitt brukt som siktepunkt for fastsetjing av grenser på land, seier Refve og opplyser at det aldri har vore lys på toppen av dagmerket. Som namnet seier skal dette ver eit seglingsmerke i dagslys.

På den 16,5 meter høge konstruksjonen i rustfritt stål er det ein trekant i tre med grunnlinje fire meter og høgde på to meter.

Mykje tyder på at Reve fekk sitt første dagmerke for omlag 150 år sidan. I 1852 vart det ialfall vedteke å byggje eit slikt dagmerke ved Jærens rev. Det kan ha vore eit dagmerke på Reve før den tid, men det er det ingen som med visse kan seie noko om.

Det første dagmerket vart bygt i tre. Tremerket vart byta ut i 1911 med dagmerket i stål som stod heilt til det vart rive i 1994.

Gjenreisinga av dagmerket på Revtangen vert markert onsdag 25. august. Då vil ordførar Elfin Lea stå for den offisielle opninga, og det vert eit variert program på Orre friluftshus etter sjølve markeringa på Revtangen